



Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger
Hamrane 30
5704 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/189 - 18/4133

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 70/23 Feste ytre

Tiltak: Dispensasjon - fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 70/23
Tiltakshavar: Gunda Nordanger
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.01.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel

Det er oppgitt i søknaden at nabovarsel er send rekommandert, men det er ikkje oppgitt når dette vart gjort. Gjenpart av nabovarsel er datert 17.01.2018 og vi vurderer ut frå dette at søknaden er send inn før fristen for å koma med merknader er ute.

Det må gjevast tilbakemelding på når varselet vart send rekommandert og om det ligg føre merknader til tiltaket.


Plangrunnlaget

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel der tiltaket er avsett til byggjeområdet for fritidsbustadar. Tiltaket er omfatta av punkt 1.1 i føresegnene til planen som har eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak kan godkjennast. Det er ikkje rett, slik søkjar skriv, at tiltaket fell inn under unntaksbestemmelsen i punkt 2.21, der mindre tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-2 bokstav a) kan tillatast på bygd fritidseigedom på gitte vilkår. Vi gjer her merksam på at lovangivelsen det er vist til, pbl § 20-2 a), relaterer seg til den gjeldande plan- og bygningslova på tidspunktet kommuneplanen vart godkjend.



Omsøkt fritidsbustad krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen.

Byggjegrensa mot sjø går fram av plankartet (sjå den stipla grå linja). Omsøkt fritidsbustad vil ikkje vera i strid med denne. Søknaden om dispensasjon frå byggjeforbodet langs 100-metersbeltet langs sjø (pbl § 1-8) er ikkje relevant for tiltaket.



Kommunen vil senda søknaden på høyring til regionale styresmakter når nabovarsling er tilstrekkeleg dokumentert og søknad om dispensasjon frå plankravet er mottatt.

Etter det administrasjonen kan sjå er omsøkt fritidsbustad identisk med fritidsbustaden som vart handsama i sak 16/3919. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er nye opplysningar i søknaden som no ligg føre og administrasjonen si førebelse vurdering av søknaden er som følgje av dette ikkje endra.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.03.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger Hamrane 30

5704

VOSS